

Forskingsmelding 2011

Forskingsmeldinga som vart lagt fram for styret i fjor var i to delar: Først ein dokumentasjonsdel der kompetanseprofil og FoU-resultat var hovudingrediensane, deretter ein del kalla Utfordringar, der utvalde tema vart løfta fram og diskutert. Forskingsmeldinga i 2011 følgjer for så vidt same struktur, men delen Utfordringar er i år knytt til ein gjennomgang av FoU-strategiplanen for HVO 2008-2011, som skal rullerast til hausten. Har vi nådd måla våre? I tilfelle nei, kvifor ikkje? Kva har vi lukkast med og kva har vi mislukkast med? Kva er dei største utfordringane våre? Korleis skal vi møte dei?

I Status

Kompetanseprofil

Avdeling	AHL			AKF			AMF			ASH			HVO		
Stillingskategori	Fast	Mel. bels	Sum	Fast	Mel. bels	Sum	Fast	Mel. bels	Sum	Fast	Mel. bels	Sum	Fast	Mel. bels	Sum
Høgsk.lærar	1,0		1,0	3,4	3,0	6,4	2,3	5,4	7,7	1,0	4,0	5,0	7,7	12,4	20,1
Høgsk.lektor	22,6	13,0	35,6	14,7	8,5	23,2	4,4	2,2	6,6	12,6	2,3	14,9	54,3	26,0	80,3
1.lektor	2,8		2,8	3,0		3,0	4,0		4,0	8,8	1,0	9,8	18,6	1,0	19,6
1.amanuensis	15,0	1,0	16,0	0,8	1,0	1,8	6,0	0,4	6,4	5,2		5,2	27,0	*0,2	27,2
Professor	6,5		6,5					0,5	0,5	10,0		10,0	*16,7	**0,7	17,4
Dosent	2,0		2,0										2,0		2,0
Sum	49,9	14,0	63,9	21,9	12,5	34,4	16,7	8,5	25,2	37,6	7,3	44,9	126,3	40,3	166,6
Stipendiat		7,0	7,0		3,8	3,8		4,0	4,0		3,3	3,3		18,1	18,1
Sum	49,9	21,0	70,9	21,9	16,3	38,2	16,7	12,5	29,2	37,6	10,6	48,2	126,3	58,4	184,7

Tabell 1. Kompetanseprofil ved HVO. Årsverk i ulike stillingskategoriar i 2009.

*Inkluderer 0,2 årsverk mellombels 1. amanuensis og 0,2 årsverk fast tilsett professor ved Ivar Aasen-instituttet

** Inkluderer professor II på fellesnivået, 0,2 årsverk

Avdeling	AHL			AKF			AMF			ASH			HVO		
Stillingskategori	Fast	Mel. bels	Sum	Fast	Mel. bels	Sum	Fast	Mel. bels	Sum	Fast	Mel. bels	Sum	Fast	Mel. bels	Sum
Høgsk.lærar	1,0		1,0	2,0	2,6	4,6	2,3	4,8	7,1	1,0	4,0	5,0	6,3	11,4	17,7
Høgsk.lektor	26,3	9,9	36,2	16,8	3,8	20,6	4,8	2,5	7,3	11,6	2,6	14,2	59,5	18,8	78,3
1.lektor	1,0		1,0	4,5		4,5	4,0		4,0	8,8	0,4	9,2	18,3	0,4	18,7
1.amanuensis	16,8	1,0	17,8	3,0	1,0	4,0	5,0	0,4	5,4	6,4	1,0	7,4	31,2	*3,6	34,8
Professor	6,3		6,3		0,2	0,2		0,4	0,4	10,0		10,0	*17,3	**0,8	18,1
Dosent	2,9		2,9										2,9		2,9
Sum	54,3	10,9	65,2	26,3	7,6	33,9	16,1	8,1	24,2	37,8	8,0	45,8	135,5	35,0	170,5
Stipendiat		9	9		4	4		4	4		5,9	5,9		22,9	22,9
Sum	54,3	19,9	74,2	26,3	11,6	37,9	16,1	12,1	28,2	37,8	13,9	51,7	135,5	57,9	193,4

Tabell 2. Kompetanseprofil ved HVO. Årsverk i ulike stillingskategoriar i 2010.

*Inkluderer 0,2 årsverk mellombels 1. amanuensis og 1,0 årsverk fast tilsett professor ved Ivar Aasen-instituttet

** Inkluderer professor II på fellesnivået, 0,2 årsverk

For å kunne samanlikne frå år til år og i høve til andre institusjonar, er tala frå DBH (Database for høgare utdanning, <http://dbh.nsd.uib.no/index.action>) lagt til grunn i tabell 1 og 2. DBH opererer med årsverk og ikkje tal på stillingar, noko som også gir meir presis informasjon.

Det er ein liten auke i talet på årsverk fagleg tilsette frå 2009 til 2010, frå totalt 184,7 til 192,2, dvs. ein auke på 4%. Stillingskategorien førsteamanuensis aukar mest, med heile 7,6 årsverk eller 28%, medan det er litt tilbakegang for høgskulelærarar, høgskulelektorar og førstelektorar. Elles er professorårsverka stabile, den vesle auken skuldast at professoren på Ivar Aasen-instituttet kom tilbake frå permisjon. Slår vi saman kategoriane professor, dosent, førsteamanuensis og førstelektor (førstestillingar), finn vi at andelen i 2009 var på 40% av totale årsverk for fagtilsette unnateke stipendiatar. I 2010 hadde andelen førstestillingar stige til 43%. Når det gjeld stipendiatar er det ein relativt stor auke på nesten 5 årsverk, noko som skuldast nytilsettingar og at folk er tilbake frå permisjon. Ei heller markert endring er at talet på årsverk i mellombelse stillingar utanom stipendiatar har gått ned, frå 40,3 til 35. Målt i prosent var andelen mellombels fagleg tilsette i 2009 24%, og han har gått ned til 20% i 2010. Reduksjonen har i all hovudsak kome i kategorien høgskulelektor ved avdelingane AHL og AKF.

Korleis ligg så HVO an i høve til høgskular det er naturleg å samanlikne seg med? Når det gjeld forskning, er professor- og førsteamanuensis-stillingar mest interessante å undersøkje. Her må vi bruke litt andre forholdstal, og samanlikne årsverk i ulike stillingskategoriar med samla tal årsverk (også administrative og tekniske stillingar). For institusjonar av same type kan det gi eit greitt samanlikningsgrunnlag. Dersom vi tek utgangspunkt i høgskulane i UH-nett Vest, ser vi av tabell 3 at HVO er på topp når det gjeld professorårsverk, faktisk både i absolutte tal og som andel av totale årsverk. Når vi ser bort frå II-arstillingane, hadde HVO i 2010 17,3 årsverk professorar, medan Høgskulen i Bergen hadde 14,8. I høve til tal på tilsette hadde HVO 5,8% professorar, medan HiB var heilt nede i 2,2%. Dette er elles den same prosenten som høgskulane Stord/Haugesund og Sogn og Fjordane har. Ser vi på høgskulane i Møre og Romsdal, vert biletet noko annleis. Ålesund ligg på same nivå som dei fleste i UH-nett Vest, med ein professorandel på 2,3%, medan Molde, som er vitskapleg høgskule i logistikk, har 7,6% professorar av alle tilsette. Om vi samanliknar på nasjonalt nivå, er det høgskulen på Lillehammer som toppar professorstatistikken, med heile 29,6 professorårsverk, noko som utgjer mest 10% av alle årsverk ved HiL. Til samanlikning har Høgskolen i Oslo 61,8 professorårsverk, men det utgjer berre 4,8% av alle årsverk, dvs. lågare enn HVO.

Når det gjeld førsteamanuensar, jamnar det seg meir ut. Høgskolen i Bergen toppar med 16% førsteamanuensar, det er 106,5 årsverk. Dei andre høgskulane i UH-nett Vest ligg på ca 12%, det same gjer Ålesund, medan Molde har nesten 15% førsteamanuensar. På landsplan toppar igjen Lillehammer, med 18% førsteamanuensar, medan Høgskolen i Oslo har nesten 13%.

Meir som ein kuriositet har vi tatt med Universitetet i Bergen, som tilsynelatande har fleire professor-enn førsteamanuensisårsverk. Det kan forklarast ved at UiB har over 200 postdoktorårsverk og over 100 tilsette i forskarstillingar, dei aller fleste av desse er også mellombels tilsette, sannsynlegvis med dr.grad. Det gir meir mening i å samanlikne med Høgskolen i Oslo, som for tida har ei dr.gradsutdanning. Dei ligg faktisk under HVO i prosent professorårsverk, og berre litt over på prosent førsteamanuensisårsverk.

	HVO	HSF	HSH	HIB	HIÅ	HIM	HIL	HIO	UIB
Professorårsverk	17,3	6,5	6,2	14,8	4,2	13,2	29,6	61,8	467,1
% professorårsv.	5,8	2,3	2,2	2,2	2,3	7,5	9,9	4,8	13,8
1.amanuensårsv	34,9	30,1	25,4	106,5	21,7	25,8	53,3	165,3	334,1
% 1.aman.årsv.	11,7	11,0	9,2	16,0	12,3	14,6	18,0	12,7	9,9
Sum alle årsverk	298,8	274,4	275,7	666,7	176,9	176,2	297,5	1298,6	3364,5

Tabell 3. Professor- og førsteamanuensisårsverk ved utvalde institusjonar i 2010. Absolutte tal og i prosent av alle årsverk.

Oppsummert kan vi konstatere at HVO ligg godt an når det gjeld andelen professorårsverk i høve til andre høgskular. Når det gjeld andelen førsteamanuensar er vi meir på linje med dei andre.

FoU-resultat: Vitskapleg publisering og interne FoU-poeng

Vitskaplege publiseringspoeng

HVO hadde i fleire år ei jamn stigning i summen av innrapporterte poeng, slik tabellen under viser. For 2009 var det ein liten tilbakegang, men då hadde det til gjengjeld vore ein svært markant auke i 2008. Tal for 2010 viser diverre ein ytterlegare nedgang, sjølv om det ikkje er store tal. Men bak 2010-tala skjuler det seg både positive og negative hendingar. Det positive først: Publikasjonane som HVO rapporterte inn i det nye forskingsdokumentasjonssystemet Cristin, skulle resultere i ca. 89 poeng, noko som er ein liten, men oppløftande auke både samanlikna med 2008 og 2009. Det negative: HVO-tilsette hadde mange antologiartiklar i det omfangsrike verket *Norsk presses historie* (Universitetsforlaget, 2010). Ein eller fleire andre institusjonar tvilte på at desse artiklane – og verket – kunne klassifiserast som vitskapleg. Cristins tvisteutval fekk saka, og i ein svært hasteprega prosess rett før rapporteringsfrist 1. april vart det avgjort at publikasjonane i NPH ikkje kunne reknast som vitskaplege. Dermed tapte HVO rundt 10 poeng.

2010	78,95 poeng
2009	84,59 poeng
2008	87,83 poeng
2007	52,54 poeng
2006	45,95 poeng
2005	47,08 poeng
2004	45,10 poeng

Tabell 4. Vitskaplege poeng HVO

I Strategiplan for FoU 2008–2011 er vitskapleg publisering eitt av punkta under Resultatmål i perioden: "HVO skal vere blant dei fem beste i høgskulegruppa pr. fagleg tilsett når det gjeld publikasjonspoeng."

Tala ovanfor er reine poeng, og dei kan vere interessante nok for å måle eigen framgang. Men for å samanlikne vitskapleg publisering frå Høgskulen i Volda med andre institusjonar, slik resultatmålet legg opp til, kan vi sjå på publikasjonspoeng pr. fagtilsett i tabellen nedanfor, som viser dei ti beste statlege høgskulane.

2008		2009		2010	
1. Høgsk. i Lillehammer	0,60	1. Samisk høgskole	0,67	1. Samisk høgskole	0,64
2. Høgsk. i Volda	0,49	2. Høgsk. i Lillehammer	0,62	2. Høgsk. i Lillehammer	0,57
3. Høgsk. i Oslo	0,40	3. Høgsk. i Narvik	0,48	3. Høgsk. i Vestfold	0,55
4. Høgsk. i Gjøvik	0,36	3. Høgsk. i Oslo	0,48	4. Høgsk. i Bodø	0,46
5. Høgsk. i Molde	0,35	5. Høgsk. i Volda	0,43	5. Høgsk. i Narvik	0,42
6. Samisk høgskole	0,34	6. Høgsk. i Bodø	0,42	6. Høgsk. i Oslo	0,40
7. Høgsk. Stord/H.sund	0,33	7. Høgsk. i Buskerud	0,39	7. Høgsk. i Volda	0,39
8. Høgsk. i Bodø	0,31	8. Høgsk. i Vestfold	0,38	8. Høgsk. i Gjøvik	0,36
8. Høgsk. i Hedmark	0,31	9. Høgsk. i Molde	0,35	9. Høgsk. i Hedmark	0,35
10. Høgsk. i Narvik	0,28	10. Høgsk. i Stord/H.sund	0,29	10. Høgsk. i Harstad	0,33

Tabell 5. Vitskaplege poeng pr. fagtilsett (årsverk*) ved statlege høgskular 2008–2010.

* Tala for fagtilsette, dvs. årsverk, er henta frå DBH, kategori "Undervisnings-, forsknings- og formidlingsstillinger".

http://dbh.nsd.uib.no/dbhvev/ansatte/tilsatte_rapport.cfm

For HVO sin del har talet på poeng pr. fagtilsett minka både i 2009 og 2010. I tabellen er det brukt tal med to desimalar, noko som gir grunnlag for finrekning. HVO er nr. sju, noko som er litt unna resultatmålet. I DBH sine eigne tabellar reknar dei med berre med ein desimal, og der er HVO både i 2009 og 2010 på ein mangedelt femteplass.

Den svakt nedgåande tendensen er også synleg når vi samanlikna dei statlege høgskulane etter publiseringspoeng pr. førstestilling, slik det kjem fram i tabellen under.

2008		2009		2010	
1. Høgsk. i Stord/H.sund	1,4	1. Samisk høgskole	1,8	1. Samisk høgskole	2,1
2. Høgsk. i Volda	1,3	2. Høgsk. i Narvik	1,3	2. Høgsk. i Vestfold	1,4
3. Høgsk. i Lillehammer	1,1	3. Høgsk. i Stord/H.sund	1,2	3. Høgsk. i Stord/H.sund	1,1
4. Høgsk. i Gjøvik	1,0	3. Høgsk. i Oslo	1,2	4. Høgsk. i Bodø	1,0
4. Høgsk. i Oslo	1,0	3. Høgsk. i Volda	1,2	4. Høgsk. i Gjøvik	1,0
4. Samisk høgskole	1,0	6. Høgsk. i Lillehammer	1,1	4. Høgsk. i Lillehammer	1,0
7. Høgsk. i Hedmark	0,9	7. Høgsk. i Vestfold	1,0	4. Høgsk. i Narvik	1,0
8. Høgsk. i Bodø	0,7	8. Høgsk. i Bodø	0,9	4. Høgsk. i Oslo	1,0
8. Høgsk. i Narvik	0,7	9. Høgsk. i Buskerud	0,8	4. Høgsk. i Volda	1,0
8. Høgsk. i Nesna	0,7	9. Høgsk. i Gjøvik	0,8	10. Høgsk. i Harstad	0,9
8. Høgsk. i Vestfold	0,7	9. Høgsk. i Harstad	0,8	10. Høgsk. i Hedmark	0,9
		9. Høgsk. i Hedmark	0,8		
		9. Høgsk. i Østfold	0,8		

Tabell 6. Vitskaplege poeng pr. førstestilling/postdoc ved statlege høgskular 2008–2010. Tala er henta frå DBH.

Kven står for den vitenskaplege publiseringa?

1. Publisering og tilsettekategoriar

I tabellen har vi tatt utgangspunkt i talet på fagleg tilsette (årsverk) og sett på kor mange av desse som har publisert. Tala er for HVO samla. Fleire av forfattarane har to eller fleire publikasjonar, men slike tal er ikkje tatt med her. I den samanheng kan ein merke seg at i det året med mest publiseringspoeng, 2008, var det relativt få som publiserte – berre ca. 16 % av dei fagtilsette. I 2010 har vi det høgaste talet så langt – nær ¼ av dei fagleg tilsette publiserte vitenskapleg. Det er også gledeleg at det har kome til 15 som ikkje har publisert før.

ÅR	FAGLEG TILSETTE	FORFATTARAR	"NYE" FORFATTARAR	DEL FAGLEG TILSETTE SOM PUBLISERER
2010	203,8	48	15	23,6 %
2009	198,5	39	9	19,6 %
2008	178	28	9	15,7 %
2007	170,9	36	15	21,1 %
2006	162,4	28	13	17,2 %
2005	151,4	21	9	13,9 %

Tabell 7. Vitenskapleg publisering pr. år: Forfattarar, forfattarar som ikkje har publisert vitenskapleg tidlegare, del fagleg tilsette som har publisert vitenskapleg.

Ei positiv utvikling som ikkje kjem fram i tabellen ovanfor, er alderen på dei som publiserer. Medan det i dei føregåande åra har vore mellom ein og to tilsette under 40 år som har publisert vitenskapleg, var det i 2010 sju tilsette. Andre tal støttar denne observasjonen. Av dei 48 som publiserte vitenskapleg, var 23 yngre enn 50 år, altså rundt 46 %. Tidlegare år har dette talet variert mellom 26 og 32 %. Samla i perioden er det 82 personar som er registrerte med vitenskaplege publikasjonspoeng.

2. Publisering fordelt på avdelingane

Tabell 8. Publiseringspoeng pr. avdeling 2007–2010.

	PUBLISERINGSPOENG			
AVD.	2007	2008	2009	2010
AKF	0,17	2,50	0,35	1,35
ASH	15,10	19,78	20,08	27,62
AMF	5,77	17,45	21,92	9,56
AHL	28,70	41,00	42,25	36,67
IAal	2,10	6,40	0,00	3,75

AHL er den største avdelinga målt i tilsette, og har vore den avdelinga med flest poeng. Dei har også hatt ein jamn auke. ASH har også auka jamt, men i 2010 er auken markant større ein dei føregåande åra. AMF var i 2008 og 2009 på høgde med ASH, men gjekk kraftig tilbake i 2010. I den samanheng må det nemnast at det var AMF-tilsette som stod for dei 10

poenga som HVO ikkje fekk godkjent (jf. kommentar ovanfor om artiklar i *Norsk presses historie*). På AKF har det vore ein til to tilsette som publiserer vitenskapleg, så her er det snakk om heller små tal. Det same gjeld Ivar Aasen-instituttet. Som neste tabell viser, har IAal hatt ein jamn nedgang i talet på tilsette.

Tabell 9. Årsverk pr. avdeling pr. år: Tilsette i fagstillingar/tilsette i førstestillingar.

	ÅRSVERK: FAGL. TILS./FØRSTEST.			
AVD.	2007	2008	2009	2010
AKF	29,7 / 1,0	34,4 / 3,0	38,2 / 4,8	37,8 / 8,5
ASH	41,6 / 22,0	45,6 / 25,0	49,1 / 25,0	52,6 / 26,7
AMF	29,1 / 10,8	26,4 / 11,5	32,2 / 12,6	29,7 / 10,6
AHL	63,0 / 24,7	64,5 / 24,7	70,9 / 27,3	74,1 / 27,9
IAal	3,4 / 3,2	2,2 / 2,2	1,4 / 1,4	1,2 / 1,2

Tabellen med årsverk er tatt med for å vise kva som dannar grunnlaget for dei to tabellane nedanfor (10 og 11). AHL er som nemnt den største avdelinga. Ser vi på talet førstestillingar, går det fram av tabellen at AHL og ASH er jamstore. I 2008 hadde

faktisk ASH fleire førstestillingar enn AHL, men marginane er veldig små. Vi ser også at det har vore ein nokså stor auke i førstestillingar på AKF: Frå ei stilling i 2007 til 8,5 i 2010.

Tabell 10. Publiseringspoeng pr. fagleg tilsett (årsverk). 2007–2010.

	PUBL.POENG PR. FAGLEG TILSETT			
AVD.	2007	2008	2009	2010
AKF	0,01	0,07	0,01	0,04
ASH	0,36	0,43	0,41	0,53
AMF	0,20	0,66	0,68	0,32
AHL	0,46	0,64	0,60	0,49
IAal	0,62	2,91	0,0	3,13

Den markante auken i publikasjonspoeng på ASH gir utslag på poeng pr. fagtilsett. ASH er i 2010 for første gong "i tet". Både AHL og AMF går tilbake, og den store nedgangen for AMF har vore kommentert og forklart ovanfor. Ivar Aasen-instituttet har så få tilsette at poeng pr. fagleg tilsett vil variere sterkt, og av den grunn er den avdelinga halde litt

utanfor avdelingssamanlikninga (tal i kursiv). Den tilsette som står bak publiseringspoenga til IAal i 2010, har for lengst avslutta sin stipendiatperiode der. Då ser ein også at tala i nokre tilfelle ikkje seier så mykje om realiteten.

Tabell 11. Publiseringspoeng pr. førstestilling (årsverk). 2007–

	PUBL.POENG PR. FØRSTESTILLING			
AVD.	2007	2008	2009	2010
AKF	0,17	0,83	0,07	0,16
ASH	0,69	0,79	0,80	1,03
AMF	0,53	1,52	1,73	0,90
AHL	1,16	1,66	1,55	1,31
IAal	0,66	2,91	0,0	3,13

For dei avdelingane som har få tilsette i denne kategorien, vil tala variere sterkt. Eit døme er AKF, som i 2008 hadde 2,5 poeng og berre tre førstestillingar. Dette gir store utslag neste år når talet på førstestillingar aukar monaleg samstundes som poengproduksjonen minkar. Det same gjeld IAal.

Men tala for poeng pr. førstestilling kan vere interessante for å samanlikne AHL og ASH, som har omtrent like mange førstestillingar. Som vi ser, ligg AHL godt framfor ASH, sjølv om ASH har hatt ein god auke frå 2009 til 2010, samstundes som AHL har hatt ein like stor nedgang. Forskjellen i favør av AHL kan heller ikkje forklarast med samansetninga av førstestillingar. ASH har i heile perioden hatt flest professorstillingar. I 2007 hadde ASH 8,0 årsverk i denne kategorien mot AHL sine 3,2. Forskjellen har blitt mindre med åra, og i 2010 var dei tilsvarende tala 10,0 for ASH og 6,3 for AHL. Det kan altså sjå ut som publiseringsproduktiviteten er høgare på AHL enn ASH. Men ein skal hugse på at det er små tal vi snakkar om, og enkeltpersonar og deira innsats blir både synlege og utslagsgjevande. Eit døme: Ein professor på AHL stod både i 2008 og 2009 for rundt 10 poeng, medan han i 2010 står for "berre" 4 poeng. Samstundes har ein professor på ASH publisert både bok og artikkel på nivå 2 i 2010, noko som til saman gir 11 poeng.

Internt FoU-poengsystem

Høgskulen i Volda har sidan 2001 hatt eit internt system for poengutteljing – og fordeling av budsjettmidlar – til avdelingane basert på publisering. Dette systemet supplerer det nasjonale systemet, og publiseringskategoriane femnar om både skriftleg publisering (artiklar, bøker, kronikkar m.m.) og munnleg publisering i form av ulike typar foredrag. Systemet har også kategoriar for kunstnarisk FoU-verksemd. Det interne FoU-poengsystemet er utforma slik at det i stor grad skal fange opp FoU-aktivitet som er relevant for HVO.

Det kan vere interessant å sjå på korleis interne FoU-poeng fordeler seg på avdelingane, også pr. fagtilsett (tala for 2010 er ikkje klare).

	Poeng 2007		Poeng 2008		Poeng 2009	
Avdeling	Totalt	Pr. fagl. tils.	Totalt	Pr. fagl. tils.	Totalt	Pr. fagl. tils.
AKF	940,9	31,68	910,0	26,45	1064,0	27,93
ASH	1503,0	36,13	1280,0	28,07	1262,0	25,70
AMF	810,0	27,84	1235,0	46,78	1567,0	48,66
AHL	1593,6	25,34	1632,0	25,30	2367,5	33,39
IAal	345,0	101,47	405,0	184,09	415,0	296,43

Tabell 12. Interne FoU-poeng pr. avdeling og pr. fagleg tilsett (årsverk) 2007–2009.

Tala kan bli litt skeive når det er snakk om få tilsette. Ivar Aasen-instituttet fekk både i 2008 og 2009 utteljing for doktoravhandling på 300 poeng. Ei fagleg bok eller lærebok gir 100 poeng, så saman med doktoravhandling er det dei kategoriane som gir størst utteljing. Sidan det er snakk om relativt små tal

(talet på tilsette), vil resultatene vere litt tilfeldige. Som kommentert vil ei doktoravhandling gi store utslag, og dess færre tilsette på avdelinga, dess større positivt utslag. AHL er den avdelinga med klart flest tilsette, og der vil ei doktoravhandling meir gi mykje mindre auke i poeng pr. tilsett enn for AMF.

AKF får langt betre utteljing på interne FoU-poeng enn på vitenskapleg publisering. I 2007 låg avdelinga føre både AMF og AHL i poeng pr. fagtilsett. Ikkje overraskande har AKF stor poengutteljing i dei kunstnariske kategoriane.

II Utfordringar

Strategiplan for FoU 2008 – 2011 vart vedteken av HVO-styret 24. april 2008. Planen har sju punkt:

1. Visjon
2. Utfordringar
3. Overordna mål
4. Resultatmål i planperioden
5. Strategiske arbeidsmåtar
6. Tiltak på fellesnivå
7. Tiltak på avdelingsnivå

Framstillinga tek utgangspunkt i resultatmåla og diskuterer i kva grad dei er oppnådde. Deretter vert tiltak på fellesnivået drøfta, med spesiell vekt på strategiske grep knytt til programorganisering. Tiltak på avdelingsnivå vert gjennomgått ved ei samanfatning av avdelingane sine rapportar om bruk av FoU-ressursen. Gjennomgangen av desse to punkta vil også kaste lys over punkt 5. Strategiske arbeidsmåtar. Den nye ordninga med interne forskingsprogram vert gjennomgått, og framstillinga vert avrunda med ein sluttkommentar.

Resultatmål i planperioden

- *Alle tilsette med FoU-ressurs har i perioden delteke med paper på konferansar og/eller publisert ein artikkel i vitenskapleg tidskrift. Til dette høyrer også kunstnariske bidrag og utviklingsarbeid på tilsvarande nivå.*

Ikkje oppnådd. Dette resultatmålet er svært ambisiøst, og det er ikkje overraskande at det ikkje er oppnådd. Det er framleis ei utfordring at relativt få tilsette står for storparten av publiseringa, men som vi har sett er det ein gledeleg auke i andelen fagleg tilsette som publiserer vitenskapleg, jf tabell 7. Når det gjeld interne publikasjonspoeng, som også inkluderer kunstnariske bidrag og utviklingsarbeid, er det spesielt AMF som har hatt ein stor auke i poengproduksjon pr. fagleg tilsett, jf tabell 12. Det går ikkje fram av denne tabellen kor stor andel av dei fagtilsette som har produsert poenga, men ein gjennomgang av poengproduksjon på individnivå syner at det framleis er for mange som er bokført med ingen eller svært få poeng.

- *Minst ¾ av dei som har planlagt å fullføre doktorgrad med støtte frå HVO i perioden har fullført*

Ikkje oppnådd. Det var ingen disputasar i 2010, mot seks i både 2008 og 2009. Hittil i 2011 har ein fått refusert avhandlinga, ein har disputert og ein har fått godkjent avhandling og skal disputere i august. Pr.

31.12.2010 var det 24 aktive stipendiatar i løp ved HVO. Av desse har 15 fått utsett sluttdato, hovudsakleg grunna permisjonar og sjukdom. Ni er i rute og fem har halde på i fem år eller meir. Det er ti internfinansierte dr.gradskandidatar, to av desse har eller skal disputere i år, fem andre planlegg levering. Av stipendiatane har heile ni sluttdato i 2011, så det bør bli ein del disputasar i den næraste framtida.

- *HVO skal vere blant dei fem beste i høgskulegruppa pr. fagleg tilsett når det gjeld publikasjonspoeng*

Oppnådd. Sjå diskusjon av dette under avsnittet om vitskapleg publisering og tabellane 5 og 6.

- *HVO samarbeider med universitet og høgskular om minst to forskarskular/doktorgradsprogram og minst to masterutdanningar*

Oppnådd. HVO er formell samarbeidspartnar i tre forskarskular: NAFOL, UH-nett Vest i musikk og NTNU (psykisk helse). UH-nett Vest: med i planlegging av forskarskule i helse og sosialfag. Vi er med i det nystarta arbeidet med etablering av felles PhD i helse og sosialfag innanfor Mørealliansen.

- *Minst 50% av alle fagtilsette (stipendiatar ikkje medrekna) har førstekompetanse*

Ikkje heilt oppnådd, men andelen steig frå 40% i 2009 til 43 % i 2010. Dette gjeld stillingskategoriane professor, dosent, førsteamanuensis og førstelektor. I heile planperioden, 2008-2011, fekk vi desse opprykka: sju professorar, fire dosentar, 12 førsteamanuensar og fem førstelektorar.

- *Minst seks masterutdanningar er akkrediterte og det er mange felles emne i desse. Masterstudentar er aktive i forskingsprogram og -prosjekt ved HVO og Møreforskning.*

Delvis oppnådd. Fem masterutdanningar er i drift og rekrutterer med få unntak godt. Arbeidet med å få akkreditert ei sjettemasterutdanning, i mediefag, er snart i mål og saka skal opp på styremøtet 9. juni, sak 36/2011. Når det gjeld studentinvolvering er det først og fremst masterstudiet Kulturmøte som har lukkast med dette, i all hovudsak på grunn av koplinga til det strategiske høgskuleprosjektet *Kulturperspektiv på møte mellom bønder og embetsmenn 1660-1870*. Ikkje berre vert masterstudentane inviterte til prosjektseminar og samlingar, SHP-prosjektet har også lyst ut masterstipend til dei som vil skrive oppgåve med tema knytt til prosjektet. Sju slike stipend er delt ut hittil. Masterstudentane i samfunnsplanlegging er gjerne yrkesaktive folk som kjem til studiet med sine eigne tema, og integrasjon i pågåande forskning er kanskje ikkje alltid like aktuelt. Men ein del av kandidatane publiserer seinare artiklar basert på masteroppgåvene og bidrar slik til utvikling av forskingsfeltet. Det er også fleire masterstudentar som har vore med på prosjekt i Møreforskning Volda, nokre av desse er også blitt tilsette ved MFV.

- *HVO samarbeider med Møreforskning om å utvikle og realisere ein internasjonal strategi for FoU-verksemda og miljøet skal delta i minst to internasjonale prosjekt.*

Ikkje oppnådd. Samarbeidet mellom HVO og Møreforskning har ikkje vore sterkt i planperioden, med unntak av søknadssamarbeid m.v. mellom tilsette ved ISF/IPAS og Møreforskning Volda. Når det gjeld internasjonalt forskingssamarbeid er tendensen klar: Dei aller fleste toppkompetente fagtilsette er med i internasjonale forskarnettverk, nokre er svært aktive. Men spranget frå det individuelle til det kollektive

viser seg å vere komplekst. Det er vanskeleg å kome med på internasjonale forskingsprosjekt, spesielt har terskelen blitt heva i EU sitt 7. rammeprogram (FP7). Fagtilsette ved AMF var i 2009 med på ein stor søknad om forskingsmidlar frå FP7, men søknaden nådde ikkje opp. AMF-miljøet meiner likevel at deltakinga i søknadsprosessen har gitt verdfull røynsle, og miljøet står bak den av søknadene til interne forskingsprogram som er desidert mest internasjonalt retta.

- *Dei eksterne FoU-inntektene til Volda-miljøet skal aukast med 50% i løpet av perioden. HVO i lag med MFV skal vere pådrivar i prosjektutvikling, forskarrekuttering og forskarutdanning.*

Ikkje oppnådd. Som tabellen viser er ikkje målet om 50% auke i eksterne FoU-inntekter nådd. Det har rett nok vore ein fin auke på 35% frå 2008 til 2009, men med ein svak nedgang i 2010 er auken i heile perioden noko lågare.

Kjelde	2008	2009	2010	Sum
NFR, store prosjekt	4256	5365	5123	14744
NFR, mindre prosjekt	1545	2125	1844	5514
NFR, små driftsmidlar	373	371	387	1131
Andre eksterne FoU-inntekter	344	928	1013	2285
Samla eksterne FoU-inntekter	6518	8789	8367	23674
Sum NFR	6174	7861	7354	21389

Tabell 13. Eksterne FoU-inntekter i 2008, 2009, 2010. I 1000 kr.

Det mest interessante ved tabell 13 er kanskje at tala påviser kor avhengig HVO er av prosjektstøtte frå Noregs forskingsråd. Heile 90% av dei eksterne FoU-inntektene i perioden kjem frå Forskringsrådet, og av desse midlane er 70% knytt til dei fire store prosjekta vi har hatt i perioden. Det er ei sær stor utfordring for oss at to av prosjekta vart avslutta i 2010 og dei to andre skal avsluttast i løpet av 2011/12.

Rammevilkår for finansiering frå Forskringsrådet

Sidan Forskringsrådet er den desidert viktigaste kjelda til eksterne FoU-inntekter for HVO, kan det vere interessant å sjå nærare på mulegheitene for å få tilslag på prosjekt her i den næraste framtida. Det vi kan konstatere, er at vi har hatt suksess i program og støtteformer i Forskringsrådet som har ei avgrensa og øyremerka søkjargruppe. Berre høgskular har kunna søkje i ordninga med Strategiske høgskuleprosjekt, noko som senkar terskelen for tilslag monaleg. Det same gjeld for dei praksisretta utdanningsforskringsprogramma – vi har fått tilslag på to prosjekt i programmet PraksisFoU, der berre institusjonar med lærarutdanning har kunna søkt. Derfor var det svært viktig for HVO at ordninga med SHP vert vidareført, etter evalueringa tidlegare i år. Kva slags form og føringar som vil prege den nye SHP-satsinga får vi ikkje vite før statsbudsjettet kjem i oktober, men det viktigaste er at det framleis vert ein skjerma arena der berre høgskular kan søkje. Også den praksisretta utdanningsforskringa vart vidareført, PraksisFoU vart avløyst av PRAKUT (praksisretta utdanningsforskring) – og der er kravet at ein eller fleire av søkjarinstitusjonane skal ha lærarutdanning, altså ei viss grad av skjerming. Fleire av fagmiljøa ved AHL siktar seg inn mot dette programmet, som hadde ei utlysing i april og som vil kome med ny utlysing i november. Då vil eitt av våre interne forskingsprogram, ved Peder Haug, vere klar til å søkje. Utdanning 2020 er også aktuelt, men dette programmet er ope for fri konkurranse, og det er svært

vanskeleg å nå opp. Nøkkelen til gjennomslag er sannsynlegvis samarbeid med andre institusjonar, og fleire fagmiljø satsar meir på dette no.

Etter at Kunnskapsdepartementet la fram forskingsmeldinga *Klima for forskning* (St.meld. 30, 2008-2009), har omgrepet “forskningsbasert profesjonsutøving” kome på dagsorden. KD har vorte svært opptekne av at dei såkalla korte profesjonsutdanningane skal vere forskningsbaserte: lærar, sjukepleiar, sosialarbeidar m.v. Det har kome signal om at det vil blir etablert eigne praksisretta forskingsprogram i Noregs forskingsråd, etter mønster av praksisretta skule- og utdanningsforskning. Utsiktene til å få fleire store, forskingsrådsfinansierte prosjekt i framtida bør såleis vere nokså gode, og sjansane aukar dersom vi arbeider systematisk og målretta.

Resultatmål – ei oppsummering

Gjennomgangen av måloppnåing av resultatmåla i FoU-strategiplanen for 2008-11 viser eit heller samansett bilete. I streng forstand er vel dei færreste av resultatmåla oppnådde, med unntak av vitenskapleg publisering og forskarskule/PhD-samarbeid. Masterutdanningane går også stort sett bra. Andelen førstekompetente aukar, det er positivt at vi nærmar oss målet på 50%. Derimot har vi eit stort forbettringspotensial når det gjeld samarbeid med Møreforskning og på deltaking i internasjonale forskingsprosjekt. Det har heller ikkje lukkast å få tilslag på ekstern finansiering av større forskingsprosjekt utover i planperioden. Gjennomstrøyminga av dr.gradskandidatar slit vi enno med, men dei som er i program har enno ikkje kome i avslutningsfasen. Somme av måla var nok i overkant ambisiøse, t.d. er det neppe realistisk at alle tilsette med FoU-ressurs skal publisere vitenskapleg eller delta med paper på konferanse.

Tiltak på fellesnivå

Fem tiltak på fellesnivå er framheva i FoU-strategiplanen:

- Forskningsprogram for stipendiatar og andre doktorgradskandidatar
 - Program i fagdidaktisk forskning skal etablerast i 2008
 - Program i samfunnsarbeid, velferdsforskning og profesjonsforskning skal etablerast i 2009
- Forskarskular/doktorgradsprogram: HVO skal arbeide for etablering og medeigarskap i minst to slike
- Førstelektorkurset HVO driv innanfor ramma av Vestnorsk nettverk skal førast vidare
- Forskningsleiaropplæring: HVO skal ta initiativ til dette innanfor Vestnorsk nettverk, Møreforskning eller andre
- Intern fordelingsmodell for FoU-produksjon skal vidareførast og utviklast

Programorganiseringa skal omtalast særskilt, først litt om måloppnåinga på dei andre punkta. Forskarskular m.m. er omtala under resultatmål, der det gjekk fram at målet er nådd. Den interne FoU-poengmodellen er vidareført og i utvikling, så vi kan notere måloppnåing også her. Det same gjeld førstelektorkurset, eller meir presist: Kurs som ledd i kvalifisering til førstelektorkompetanse.

Vitskapsteori og forskingsmetode er dei to hovuddelane i kurset, og arbeidskravet er at deltakarane skal gi ein munnleg presentasjon av eit tema og levere eit skriftleg essay. Kurset vert lyst ut for høgskulane i det gamle Vestnorsk nettverk, som no er oppløyst. Det har vore stor interesse for kurset, ikkje minst frå Universitetet i Stavanger og høgskulane Stord/Haugesund og Sogn og Fjordane. Det første kurset gjekk i Volda i 2008, det neste måtte delast i to – eit Sør-kurs i Stavanger og Haugesund, og eit Nord-kurs i Volda. Frå hausten 2011 skal det vere eit nytt kurs i Volda, det har rekordpåmelding med nærare 30 deltakarar.

Forslingsleiaropplæring: Møreforsking tok initiativ til dette i 2009, og kurset hadde deltakarar frå alle høgskulane og Møreforskningsavdelingane i fylket, i tillegg til Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Når det gjeld HVO, viste det seg at det var vanskeleg å rekruttere fagtilsette i målgruppa: Personar med relativt fersk doktorgrad som kan fylle tomromet etter seniorane, etter kvart som dei trekkjer seg tilbake. Berre to forskarar frå HVO var med, fire kom frå Møreforsking Volda, men alle var svært nøgde med kvaliteten på kurset og meinte det var relevant. Forslingsleiar kurset fekk også ein oppføljar, del 2, som i tillegg til fagtilsette hadde dekanar og andre leiarar som målgruppe. På ny måtte vi konstatere at oppslutninga frå fagtilsette ved HVO var laber. Kanskje var målgruppa litt for sprikande til at det kunne bli like vellukka som del 1.

Stipendiatprogram

Program for fagdidaktisk forskning vart lyst ut i 2008, og dei fleste stipendiatane tok til i vårsemesteret 2009. Det er sju stipendiatar knytt til programmet. Stipendiatprogrammet i profesjonsforskning har hatt ein langt tregare start. To utlysingar har resultert i at tre stipendiatar er tilsette. Den første starta i januar 2010, dei to andre i januar 2011. Truleg vil vi lyse ut ei stipendiatstilling til i år.

I samband med den årlege stipendiatrapporteringa i Forskningsutvalet, FU-sak 2/2011, vart fleire sider ved stipendiatane sin situasjon debattert, også programorganiseringa. HVO vart utfordra til å gjere tydeleg kva vi vil med dette tiltaket og om det fungerer bra nok. Dei to leiarane vart inviterte til å kome med sine kommentarar, og både deira innspel og diskusjonen i FU avdekte at det nok er ein del sider ved programorganiseringa som vi bør problematisere. Intensjonen med å organisere stipendiatar i program var å gi betre oppfølging og slik sikre raskare gjennomstrøyming. Kvart program har sin programleiar som følgjer kvar enkelt stipendiat nøye, har regelmessige samtalar, har kontakt med rettleiar, organiserer felles støttetiltak m.m. I stipendiatprogrammet i fagdidaktikk, som har lengst fartstid, har ein erfart at det er viktig å ikkje leggje opp til så mange møte og tilbod at det fungerer som tidstjuv og avsporing. Gruppa er likevel viktig som arena for meir uformelle diskusjonar om stipendiatlivet og –arbeidet, og også som kanal for å kartlegge faktiske behov for hjelp og tenester. Etter kvart som stipendiatane kjem i skrivefasen, dukkar det opp behov for ulike typar støttekurs, analyse- og statistikkprogram m.m. Dette gjeld for så vidt alle stipendiatar, ikkje berre dei som er i program, og vi arbeider med å finne måtar å tilby alle slike støttefunksjonar.

Forholdet mellom stipendatar i program og andre stipendiatar er eitt av dei punkta som gjer programorganiseringa problematisk. Eit anna spørsmål er kva fagleg meirverdi programma gir, når det viser seg at stipendiatane har meir enn nok med å følgje opplæringsdelen ved PhD-programma dei er

tekne opp på. Stipendiatane på fagdidaktikkprogrammet arbeider dessutan med nokså ulike tema, ikkje alle er fagdidaktisk orienterte. Ein av fordelene med denne gruppa er at ho er nokså stor, det gir ei "kull"-kjensle som kan verke positivt. I profesjonsforskningsprogrammet har dei vore meir selektive med omsyn til opptak, men har også hatt langt færre søkjarar. Stipendiatane er knytte til eit aktivt profesjonsforskningsmiljø og alle dei tre prosjekta har ein uttalt profesjonsforskningsprofil. Dette gir eit større potensial for fagleg utbytte gjennom programmet.

At stipendiatane treng forum og fellesskap er heva over tvil, men det kan diskuterast kor konstruktivt det er å halde fram med programorganisering av stipendiatar. Sett i lys av satsinga på interne forskningsprogram, der dei fleste inkluderer ei eller fleire stipendiatstillingar, er det kanskje grunn til å revurdere denne strategien. Likevel vil vi konkludere med at dette var rett tiltak til rett tid. Det å lyse ut 5-7 stipendiatstillingar under eit felles forskningstema, som i fagdidaktikken sitt tilfelle vart tolka svært vidt, har ført til at vi har rekruttert mange unge, motiverte og dyktige stipendiatar. Det kan knapt overvurderast kor viktig dette er for framtida til HVO. Gjennom programleiarfunksjonen har vi plassert eit klart ansvar for framdrift og gjennomføring, noko som gir oss grunn til å forvente ei raskare og meir effektiv gjennomstrøyming.

Forum for avhandlingsarbeid og andre tiltak på fellesnivå

Under leiing av professor Jan Inge Sørbo har Forum for avhandlingsarbeid utvikla seg til eit viktig tiltak for alle som driv med doktorgradsarbeid ved HVO, ikkje berre stipendiatar. Forumet har fast møteplan som blir lagt i starten av kvart semester, og aktivitetane er blanda slik at det dels er framlegging av dr.gradsstudentane sine egne tekstar, dels foredrag frå eksterne og interne seniorar. Sørbo tek også gjerne opp vitskapsteoretiske spørsmål i tilknytning til dr.kandidatane sine framleggingar. Sørbo har hatt ein stillingsressurs på 10% til dette arbeidet, men denne vil frå hausten 2011 bli utvida til 20%. Sørbo vil framleis ha dr.gradsstudentar som hovudarbeidsfelt, men vil også kunne ta på seg anna kollegarettleiing, t.d. for tilsette som arbeider for kompetanseopprykk. Også leiaren for førstelektorkurset, Kjell-Arild Madssen, tilbyr slik rettleiing for dei som søker opprykk til førstelektor og er i slutfasen av arbeidet.

Av andre viktige tiltak for stipendiatar kan vi nemne at dialogen med organisasjonen Stipendiatane ved HVO er vitalisert og sett meir i system enn før. I samband med den før nemnde stipendiatrapporteringssaka i FU, vart Stipendiatane utfordra til å kome med innspel om korleis dei opplever situasjonen, korleis det er å vere stipendiat ved HVO. Responsen var sterk og klar, og det kom fram at vi har mykje ugjort på feltet informasjon og kommunikasjon mellom stipendiatar og leiing. Eitt resultat er at det skal vere faste møte mellom rektor, FoU-leiar og leiinga for Stipendiatane. Første møte vart halde 28. mars og andre møte er fastsett til 6. juni.

Tiltak på avdelingsnivå: Bruk av FoU-ressursen

Alle avdelingane har rapportert om korleis dei brukar FoU-ressursen, og svara gir interessante inntak til ein diskusjon om strategiske arbeidsmåtar. For det første kan vi merke oss at berre to avdelingar melder om at dei arbeider etter fastlagde mål eller ein strategiplan. AMF har produksjon av interne FoU-poeng som hovudindikator, og forventar at dei fagleg tilsette i snitt skal produsere 40 interne FoU-poeng per år.

Statistikken viser at målet er nådd med god margin, for somme år med svært god margin. Oversikta for 2009 viser at 18,2 fagleg tilsette produserte 1567 interne FoU-poeng, noko som gir eit snitt på 86. Også den vitenskaplege publiseringa har auka sterkt ved AMF, og dekanen framhevar at organisering i større, felles prosjekt har vore svært viktig for oppsvinget i FoU-aktivitet ved avdelinga. AMF vil også i framtida stimulere medarbeidarane til å samle seg om felles prosjekt.

AKF har ei breiare tilnærming i sin FoU-strategiplan, og har lagt spesielt stor vekt på kompetanseheving av dei fagtilsette. Det har gitt resultat – frå 5% førstekompetente i 2007 til 23% i 2010. For AKF er det interne poengsystemet viktig, fordi kunstnarleg produksjon ikkje tel i det nasjonale systemet for vitenskapleg publisering. AKF kan vise til ein jamn vekst i interne FoU-poeng.

Med unntak av AMF, der avdelingsleiinga melder om god kontroll med utnyttinga av FoU-ressursen, framhevar dei tre andre avdelingane arbeidsplanar og medarbeidersamtalar som grunnpilarar i forvaltninga av FoU-ressursen. AKF har nok det strammaste regimet, med fastlagde rutinar og prosedyrar der dei fagtilsette får tildelt FoU-tid etter søknad. Den enkelte sin arbeidsplan vert endeleg godkjend etter medarbeidersamtalen i september, der rapportering om FoU siste studieår er tema, saman med ein munnleg gjennomgang av FoU-søknaden. Dersom det skjer avvik gjennom studieåret, vert arbeidsplanen revidert.

Dei to andre avdelingane melder også om aktiv bruk av arbeidsplanar og medarbeidersamtalar som verkemiddel i FoU-arbeidet. I AHL sitt tilfelle leverer dei tilsette inn ein plan for FoU-arbeid som presiserer kva FoU-ressursen skal brukast til. Dei leverer også ein FoU-rapport, som skal vise kva som er oppnådd av FoU-resultat. Dette skjer i all hovudsak på instituttnivå, og der medarbeidersamtalar vert gjennomført, er det stort sett instituttleiaren som gjer dette. Dette gir god oversikt over stoda for kvar enkelt tilsett med omsyn til FoU, men det har i lita grad vore fokus på oppfølging av FoU-arbeidet. Framover vonar avdelinga å kunne ha større merksemd på spørsmål kring FoU-planen og i kva grad måla i denne er nådd eller ikkje. Korleis avdeling/institutt betre kan leggje til rette, og kva den tilsette sjølv kan gjere for å få gjennomført planane, er sentrale spørsmål.

Også ASH melder om behov for nytenking når det gjeld systematisk kontroll og oppfølging av FoU-planane til dei tilsette. ASH har jamt over høg FoU-produksjon, men det er store skilnader i produktivitet mellom dei fagleg tilsette. Eit interessant fenomen ved denne avdelinga er at to av institutta “offentleggjer” arbeidsplanane til alle tilsette ved instituttet, noko som gir gjensidig kollegialt innsyn og dermed grunnlag for ei kollegial vurdering av “rimeleg arbeidsfordeling”. Ei slik openheit kan ha mange fordelar, ikkje minst når det gjeld fleksibel utnytting av FoU-ressursen, noko ASH til ei viss grad praktiserer. Enkelte ønskjer i periodar å undervise meir, og det får dei, men ein er på vakt mot tendensar til permanent skeivfordeling mellom forskning og undervisning. Eitt av institutta har av økonomiske grunnar redusert basistida til FoU for kvar tilsett, men gir “standardkvoten” til dei som ønskjer det.

Eit trekk som seier mykje om forskingskulturen ved ulike institusjonar, er i kva grad særskilte økonomiske insentiv, spesielt pengar for publisering, vert ført ned på individnivå. Ved fleire universitet og høgskular går pengane for vitenskapleg publisering meir eller mindre uavkorta “rett i lomma” til den som har produsert poenga. Denne typen individuell premiering er eit framandelement ved HVO. Alle

resultatbaserte inntekter vert overført til avdelingane, som i nokre tilfelle overfører dei til institutta. Både på avdelings- og instituttnivå vert slike inntekter brukte til å premiere forskarar som har høg FoU-aktivitet, men då etter skjønn og søknad. Generelt er det slik at dei som produserer mykje, får romslegare økonomiske vilkår, men praksisen ved HVO opnar også for at midlane kan gå til å stimulere dei som gjerne vil satse meir aktivt på FoU, t.d. gjennom kurs og konferansedeltaking. Såleis har HVO gjennomgåande ei meir kollektiv innretting i bruken av resultatbaserte inntekter, med rom for skjønn og strategisk tildeling av midlar, enn dei som opererer med individualiserte premieringssystem. Det kan sjølvstundt diskutast i kva grad dette er fornuftig og effektivt, men det kan vere nyttig å ha eit medvite forhold til slike spørsmål.

Avdelingane kjem også inn på vilkår for utvikling og vekst i fagmiljøa, om internseminar, kollegarettleiing og forskingsleiing. I kva grad dette er sett i system varierer mykje mellom avdelingar og institutt. Nokre fagmiljø er prega av ad hoc-tiltak og litt tilfeldige satsingar, medan andre har kontinuitet både med omsyn til forum, tid og personar. Den sistnemnde tilnærminga verkar å vere mest fruktbar i det lange løp. Rapporten frå AHL summerer opp stoda slik: "Det ser ut til at institutt som har arenaer for presentasjon av forskning, drøfting av utkast og idear i større grad enn andre får sving på FoU-verksemda. Det same gjeld i tilfelle der professorar tek ansvar for forskingsleiing." Vidare vert det framheva at det å vere med i eit forskingsprogram eller ei forskingsgruppe skaper gode vilkår for framdrift og publisering. ASH trekkjer fram at det er viktig med ros og positiv merksemd når nokon har publisert eller oppnådd gode resultat på FoU-fronten. Informasjon og gratulasjon vert formidla via e-post, på personalsamlingar og gjennom avdelingsinternt infoblad. Slik merksemd synleggjer også forventningar. Alle avdelingane er positive til interne forskingsprogram og meiner desse kan vitalisere forskingsmiljøa og leggje til rette for auka FoU-aktivitet.

Eit steg i rett retning? Interne forskingsprogram ved HVO

"Forskinsprogram er ein måte å prioritere interne ressursar på slik at ein oppnår langsiktig og målretta FoU-innsats på dei strategiske satsingsområda til HVO: Utdanning, velferd, media og kultur." Slik opnar notatet som Forskingsutvalet tok utgangspunkt i då saka vart sett på dagsorden hausten 2010. I botnen låg ei erkjenning av at vi må handle og finne fram til nye og konstruktive måtar å fremje FoU-aktiviteten på. Tiltaket var solid strategisk forankra. I gjeldande FoU-strategiplan lyder dei to første kulepunktane under utfordringar slik:

- Tydelegare profilering av forskingsverksemda: konsentrasjon av FoU-ressursar på utvalde område i utvalde periodar
- Betre forskingsleiing på operativt nivå: arbeide fram gode prosjektsøknader, drive kollegarettleiing og interne forskingsseminar

Den generelle strategiplanen for HVO, Strategiplan 2010 seier følgjande: "HVO skal organisere forskingsinnsats i større, integrerte FoU-miljø og program med tydeleg leiing". Dette vert følgt opp under punktet Tiltak i perioden 2011 – 2014: "Organisere forskingsinnsats i større integrerte program med nasjonale og internasjonale nettverk".

Interne forskingsprogram vart altså lansert hausten 2010, med Forskingsutvalet som pådrivar. Det vart sett av kr 800.000 i satsingsmidlar til programsatsinga, under føresetnad av oppstart hausten 2011. For 2012 planlegg vi å setje av ein liknande sum, dvs. kr 1.600.000 for heile året, i 2013 og 2014 håpar vi på å kunne trappe opp til høvesvis 1.800.000 og 2.000.000 kr. Maksimalramme for eitt forskingsprogram er kr 400.000 pr år i fire år.

Forskingsprogramma vart lyst ut i to rundar, der søknadsfristen i første runde var 15. januar 2011. Responsen var stor og gledeleg, heile 18 søknader kom inn. Dei innkomne søknadene vart handsama på møte i FU 17. februar 2011, med følgjande utfall: Tre søknader vart overførte til ordninga med Små driftsmidlar, eitt fekk tilslag, men med anna finansiering, to fekk avslag, sju fekk tilsegn om støtte til såkornprosjekt og fire/fem fekk klarsignal til å utarbeide fullstendige søknader.

Etter andre runde, der prosjektskissene vart reviderte og budsjett utarbeidde, fekk følgjande såkornprosjekt støtte for hausten 2011 og våren 2012:

- Michael Schulte, AHL: <i>Metafor og symbol- den kognitive visualiseringen gjennom språket</i>	kr 80.000
- Bernt Øyvind Thorvaldsen, AHL: <i>Litteratur og historie</i>	kr 80.000
- Tobias Werler, AHL: <i>Forskjellsskolen – suksess og nederlag i utdanningen</i>	kr 120.000
- Wenche Torrisen og Kjetil Høydal, AKF: <i>Gir kultur betre helse?</i>	kr 185.000
- Anne-Sofie Egset, ASH og Øystein Salhus, AKF: <i>Musikk og helse – eit pilotprosjekt for personar med demens</i>	kr 65.000
- Kåre Heggen, ASH: <i>Profesjonsrolla i barnevernets førstelinje</i>	kr 120.000
- Alf Tomas Tønnessen, AHL: <i>Secular Norway – Religious USA</i>	kr 50.000
Sum	kr 700.000

Fire av dei større prosjekta vart inviterte til å utarbeide fullstendige søknader innan 1. april 2011. AMF fekk seinare høve til å få vurdert begge sine søknader, slik at følgjande fem søknader vart vurderte av ein ekstern kommisjon av fagellar (alfabetisk rekkjefølgje etter prosjektleiar):

- Roar Amdam, ASH: *Offentleg innovasjon, læring og planlegging*
- Peder Haug, AHL: *Lærer- og elevrolla i dagens skule*
- Jon Olav Myklebust, ASH: *Vulnerable youth in transition to adult life*
- Johann Roppen, AMF: *Kvalitet i journalistikk*
- Rolf Werenskjold, AMF : *Fra Helsinki-konferansen til Berlinmurens fall: Mediene og journalistikken i den andre kalde krigen.*

Søknadskrav og vurderingskriterium vart utarbeidde med utgangspunkt i krava til søknader i Noregs forskingsråd. HVO fekk tilsendt kommisjonen si innstilling på e-post 1. juni 2011. Dei to kommisjonsmedlemmene fann alle dei fem søknadene “fortjenstfulle og verdt å realisere”. Kommisjonen la særleg vekt på vurderingskriteriet vitenskapleg kvalitet, og drøfta innleiingsvis ein del vanskar knytt til evaluering av denne typen forskingsprogram. Det dreiar seg for det første om svært ulike fagfelt, der ingen kommisjon vil kunne ha kjernekompetanse på alt. Det andre problemet er knytt til prosjekta sin karakter – er dei breie og femner mange forskarar kan det gå ut over presisjon og stringens i

problemstillinga, er denne klar og stringent omfattar gjerne prosjektet få, men etablerte forskarar. Kommisjonen oppmodar oss til å arbeide med denne spenninga, og å finne balansepunktet mellom tydeleg overordna problemstilling og talet på forskarar. I høve til kvalitet har det likevel vore viktig for kommisjonen at prosjektet framstår med klart felles fokus, og at delprosjekta fell tydeleg inn i den etablerte overordna samanhengen. Saka skal handsamast i Forskingsutvalet 10. juni 2011.

Det er sjølvsagt for tidleg å trekkje bastante konklusjonar om kor vidt forskingsprogram er ei vellukka satsing eller ikkje, men det ser faktisk ganske lovande ut. Responsen har vore overraskande stor, svært mange fagtilsette ved alle avdelingar har engasjert seg og lagt ned eit stort arbeid. Nye kontaktar er knytte og samarbeidskonstellasjonar etablerte, på tvers av avdelingar og institutt. Kommisjonsvurderinga av dei fem store prosjekta våre er oppløftande, og viser at vi har mange oppegåande og kompetente fagmiljø. Dessutan gir det å underkaste seg ei slik ekstern evaluering eit potensial for læring: Kritiske kommentarar bør brukast til å lage betre søknader i neste omgang. Og dette er eit nøkkelpunkt: Forskingsprogramma skal og må fungere som verkstader for læring og utvikling. Det at terskelen for å få såkornmidlar har vore låg, har fått ferske og urøynde fagmiljø til å samle seg med entusiasme og pågangsmot. Vona er at nokre av dei mange såkornprosjekta skal kunne utvikle seg til større prosjekt og danne grunnlag for at våre forskarar, helst i samarbeid med nasjonale og internasjonale fagmiljø, kan lukkast med å skaffe ekstern finansiering. Slik kan forskingsvilkåra bli romslegare og meir stabile.

Sluttkommentar

I komprimert form kan vi oppsummere dei overordna måla og utfordringane i FoU-strategiplan 2008 - 2011 slik: Vi treng ein fagstab med høg formell kompetanse som driv aktiv forskingsverksemd i tett samspel med undervisning, samfunns- og arbeidsliv. Kompetanseheving og rekruttering er jobb nummer ein, gitt ein aldersstruktur som gjer at vi sakte, men sikkert vert tappa for toppkompetanse. Slik kompetanse er eit vilkår for å byggje opp og utvikle forskingsaktivitet av høg kvalitet på strategisk viktige område. Røynslene i planperioden viser at dette vil vere hovudmål og -utfordringar også i framtida. Forskingsleiarkurset synte at vi har altfor få i gruppa “yngre fagtilsett med doktorgrad” – det gir eit gap mellom generasjonane. Kor uheldig det er, seier seg sjølv. Men det finst lyspunkt. I stipendiatflokken vår er det mange unge og lovande talent, og desse vil kunne fylle generasjonsgapet – i alle fall til ei viss grad. Vi ser at vi framleis har ein relativt høg andel fagtilsette med professorkompetanse, og med dei nye professorkvalifiserte – tre i talet hittil i 2011, aukar vi andelen. At to av dei nye professorane er under femti år må vi også notere på plussida.

Vi kan også konstatere at tiltaka på felles- og avdelingsnivå i FoU-planen har vorte oppfølgt med gjennomgåande bra resultat. Vi har ein del å gå på når det gjeld betre utnytting av FoU-ressursen, spesielt på oppfølging av arbeidsplanane. Vi må også konstatere at gjennomstrøyminga av dr.gradskandidatar framleis er for dårleg.

Vi ser at det er ei stor utfordring å skaffe ekstern finansiering, og utan nye prosjekt kan vi forvente eit bratt fall i inntekter når dei store forskingsrådsprosjekta tek slutt i løpet av 2011/12. Det er enno for tidleg å slå fast kva effekt dei interne forskingsprogramma kan få, men ein av intensjonane er at

fagmiljøa skal få høve til å byggje opp søknadskompetansen og utarbeide forskingsprosjekt av høg kvalitet, slik at sjansen for å få ekstern finansiering aukar.

Gjennomgangen av FoU-strategiplan 2008-2011 viser at eit slikt dokument er ein nyttig arbeidsreiskap, og vi har fått fram både det vi har lukkast med og det vi har mislukkast med. Det å formulere etterprøvbare mål, utfordringar og konkrete tiltak er ein open og konstruktiv måte å arbeide på, og HVO bør starte prosessen med å lage ein ny strategiplan for FoU hausten 2011.